

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 13.10.2020
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie/Trude Iren Hessvik
SAKA GJELD: **Plan for internrevisjonar i Helse Vest og Helse Førde 2021-2022**

ARKIVSAK: 2020/7009

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
26.10.2020

STYRESAK:
062/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner plan for internrevisjon i Helse Førde 2021-2022, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.
2. Styret ber om at administrerande direktør sender saka over til Helse Vest som Helse Førde sitt innspel til internrevisjonsplan for Helse Vest 2021-2022, med dei kommentarar som har kome fram i møtet.

Oppsummering

Styret i Helse Førde vert invitert til å vedta revisjonsplan for Helse Førde 2021-2022, og å gje innspel til revisjonsplanen for Helse Vest i same periode. Målet er at dei to planane skal utfylle kvarandre, og at revisjonsprosjekta skal gje læringspunkt til utvikling av føretaka.

Fakta

Både Helse Førde og Helse Vest har to-årige revisjonsplanar som vert rullerte kvart år. Det regionale helseføretaket har bede føretaka om innspel i samband med si rulling, medan Helse Førde sin revisjonsplan vert lagt fram for vedtak. Det er funne føremålstenleg at styret får førelagt begge planane samstundes, då det er naturleg å sjå dei i samanheng.

Plan for internrevisjon i Helse Vest 2021-2022

Internrevisjonen i Helse Vest har sendt over plan for 2020-2021, og bede om supplerande forslag til, eller forslag til revisjonsprosjekt som kan erstatte, dei som er merka med 2021 i lista:

- Administrasjon av pasientar på venteliste (planlagt ferdigstilt 2. halvår 2020)
- Bruk av tvang i psykisk helsevern (planlagt oppstart 2. halvår 2020)
- Økonomistyring i byggeprosjekt (planlagt oppstart 2. halvår 2020)
- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy (2021)
- Brukarmedverknad i føretaka (2021)
- Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge (2021)
- Mottaksmodellen i Bergen (2021)

Administrerande direktør vil peike på eit forslag til nytt regionalt revisjonsprosjekt:

Det følgjer av styringsdokument 2020 for Helse Førde at «Pasientar og innbyggjarar skal ha tillit til at opplysningar ikkje kjem bort og at uvedkommande ikkje får tilgang. Stadig meir datadeling og samling av data i større datasenter, inkludert aukande bruk av skyløysingar, krev god styring av kven som har tilgang til kva for opplysningar i dei ulike tenestene».

På denne bakgrunn meiner vi det er viktig å gjennomføre ein revisjon for å undersøkje om helseføretaka i Helse Vest overheld krava i den nye personvernforordninga (GDPR).

Aktuelle fokusområde kan då vere:

- Sletting av personopplysningar (korleis har ein kontroll på at sletting er gjennomført?)
- Tilgangskontroll (er det berre dei som har tenestleg behov som har tilgang?)
- Sikker kommunikasjon (har vi eit system for korleis kommunikasjonen skal praktiserast?)
- Opplæring av tilsette (korleis sikre at tilsette har nødvendig kunnskap om GDPR til å handtere personopplysningar korrekt i si rolle?)
- Ansvarsplassering (er organisering og ansvarsdeling tydeleg definert og kjent i helseføretaka?)

Plan for internrevisjon i Helse Førde 2021-2022

Revisjonsplanen til Helse Førde inneheld forslag til ti revisjonar.

- Forsking – etterleving av kvalitetsstyringssystemet for forskning og innovasjon
- Legemiddelhandtering og tilverking av legemiddel
- Bruk av tvang i somatikk
- Informasjonssikkerheit
- Dokumentasjon pasientjournal
- Miljøstyringssystemet
- Internkontroll store byggeprosjekt
- Avvikling tentative timar
- Kvalitetsstyringssystemet
- Svikt i IKT-tenestene i sjukehus og beredskapsplan for handtering av dette.

Det vedlagde planutkastet skildrar dei ulike revisjonsområda på eit overordna nivå.

I samsvar med praksisen i Helse Vest blir det altså lagt opp til ein to-årig plan som skal rullerast kvart år. Det betyr at revisjonar som ikkje blir gjennomførte i 2021, kan bli bytta ut til fordel for andre ved neste rullering.

Kommentarar

Grunna den pågåande pandemien har det ikkje vore råd å gjennomføre så mange revisjonar som ønskjeleg i Helse Førde dette året. Dei fleste av revisjonane i framlegg til ny plan låg også inne i planen for 2020-2021. Dette er ikkje unormalt då ein del revisjonar bør/skal gjerast årleg. Revisjonane er baserte på styringssignal og vurderingar av risiko knytt opp mot overordna strategiar og mål. Andre er melde inn frå organisasjonen i arbeidet med å lage planen.

Eit eksempel på det siste er «Svikt i IKT-tenestene i sjukehus og beredskapsplan for handtering av dette», som er spelt inn arbeidet med å lage den komande toårs-planen.

Internrevisjonane gjev systematiske innspel til forbetringar i føretaka. Å velje dei rette prosjekta, og å sikre seg læring av dei, er viktig. Revisjonane betyr omfattande arbeid mange stadar i organisasjonen. Det er difor lagt vekt på at dei skal gje målretta resultat og grunnlag for forbetringar.

Detaljerte revisjonsplanar som skildrar revisjonsmål, omfang, tidspunkt for gjennomføring og ressursallokering vil bli utarbeidde før oppstart av dei enkelte revisjonane. Det kan også vere at det oppstår hendingar eller behov i løpet av året som gjer det føremålstenleg å avvike planen.

Likeeins er det også risiko for at pandemien utover neste år vil gjere det krevjande å gjennomføre nokre av revisjonane.

Konklusjon

Revisjonsplanane til Helse Førde og Helse Vest omhandlar sentrale område av verksemda, og er samla viktige verktøy for å drive kontinuerleg forbetring.

Vedlegg:

1. Forslag til revisjonsplan for Helse Førde 2021-2022
2. Oppmoding til innspel til revidering av plan for internrevisjon i Helse Vest (2021-2022)